

Saksprotokoll

Utvalg: Formannskapet
Møtedato: 22.10.2015
Sak: 77/15

Arkivsak: 14/822
Tittel: Saksprotokoll: Godkjenning av nye vegnamn i Sogndal kommune

Handsaming:

Karin Vikane (H) opplyste at ho har gjeve innspel i saka og bad om å få vurdert sin habilitet. Formannskapet fann Karin Vikane (H) ugild. Einar Vatlestad (H) møtte som vararepresentant.

Laura Kvamme (Sp) la fram følgjande forslag til endring:

Ny parsell, 15010 får namnet Loftesnes inntil Vandanes og Ytre Loftesnes frå Byggsentret til eigedom.

Parsell 13040 vert teke med som namnesak og får namnet Våteviksvegen.

Parsell 14000 får namnet Årøyvegen.

Einar Vatlestad (H) la fram følgjande framlegg:
Parsell 15090 vert delt i tre parsellar Kjønnes, Vikane og Vedlegjerdet.

Ole Mathis Nes (Sp) la fram følgjande framlegg:
Parsell 13680 vert skrive Gurvinvegen.

Kjetil Kvåle (Ap) la fram følgjande framlegg:
Parsell 16070 Stølvegen får namnet Svihaugvegen.

Christen Knagenhjelm (V) la fram følgjande framlegg:
Parsell 6910 vert skreve Bråtane.

Alle forslag vart samrøystes vedteke.

Rådmann opplyste om at endring av parsellinndeling er forskriftsstridig, og at saka ikkje kan vedtakast av formannskapet. Denne delen av saka vert lagd fram for kommunestyret for vedtak.

Rådmann opplyste også at endringar som er i strad med tilrådd skrivemåte frå sentralt stadnamnregister må føreleggjast dei og at endringar som ikkje er høyrde må høyrast. Formannskapet slutta seg til dette.

Vedtak:

1. Formannskapet godkjenner fylgjande nye vegnamn i Sogndal kommune

Gate kode	Tilråding	Gate kode	Tilråding	Gate kode	Tilråding
1300	Møllevegen	13380	Olahagen	14040	Ølnes
6910	Bråtane	13420	Fosskamben	14050	Steigavegen
6920	Trekolvegen	13430	Kambagjerdet	14060	Årøy
6930	Kolmilevegen	13470	Kleiv	14080	Englandsvegen
10600	Nedre Amla	13480	Høljarvollen	14090	Hovdane
10910	Vedlegjerdsvegen	13490	Langavellene	15000	Manhellervegen
10920	Meisterkleiv	13500	Kollsetevegen		
10930	Kleivane	13510	Skirsetevegen	15030	Einehaugvegen
13000	Bjåstadvegen	13520	Kriken		
13010	Stølaholmen	13540	Fretlandsvegen	15100	Fimreitevegen
13020	Horpedalsvegen	13550	Elvagjengsvegen	15120	Eidsgrendi
13030	Supphellevegen	13590	Notsetevegen	15130	Skogavegen
13040	Våteviksvegen	13600	Avsølevegen	15160	Øvste Skogen
13050	Bøyavegen	13610	Nedrehagen	15180	Haukåsen
13060	Mundalsvegen	13620	Eggjagrendi	15190	Festingdalsvegen
13070	Fjærlandsfjorden	13630	Åsavegen	15200	Vestreimsvegen
13080	Fruhilleren	13650	Flatavegen	16000	Norafjordvegen
13130	Skeide	13660	Stenehjemsvegen	16030	Gardselvegen
13180	Lidal	13670	Flugheimsvegen	16040	Indre Slinde
13190	Anestølsvegen	13680	Gurvinsvegen	16050	Norneshaugane
13210	Nysetevegen	13690	Stemmehaugen	16060	Skorsvegen
13230	Vatnasete	13700	Kvåle		
13260	Torstadhagen	13710	Drivdalsvegen	16090	Nornes
13300	Nærestadli	13720	Fjærlandsvegen	16110	Ylvisåker
13330	Storebøvegen			16120	Øvstedalsvegen
13360	Vasslivegen	14020	Kvamsvegen	16130	Øyragrendi
13370	Hodlekvevegen	14030	Kvamsviki		

1. Sogndal kommunen reiser namnesak for fastsetjing av skrivemåten for vegnamna 13660 Stenehjemsvegen, 13480 Høljarvollen, 13770 Hodlekvevegen, 16040 Indre Slinde og 10910 Vedlegjerdsvegen, 6910 Bråtane, 13680 Gurvinvegen, 13040 Våteviksvegen. Medfører namnesaka at offisiell skrivemåte for nokon av dei vedtekne vegnamna vert endra, skal skrivemåten for namnet i sentralt stadnamnregister (SSR) leggjast til grunn for vegnamnet.

3. Parsell 14000 Årøyvegen og parsell 16070 Svihaugvegen vert sendt på høyring.

Samrøystes tilråding:

15010 vert delt i tre parsellar Loftesnes inntil Vandanes, Barsnes vidare og Ytre Loftesnes frå Byggsentret til eigedom 2/31.

15090 vert delte i tre parsellar: Kjønnes, Vikane og Vedlegjerdet.

